

Uttale til budsjett for 2021 frå klubben v/Rimbareid skule.

Innspel til rådmannen sitt budsjett

**Det står i innleiinga til budsjettet, under punktet -Skule og oppvekst*

«Med ei betre tilpassa opplæring, ei tydeleg konkretisering av innhaldet i st. melding 6 og lovpålagt intensiv opplæring på 1. – 4. trinn er målet å redusera behovet for spesialundervisning til 7 % i planperioden.

Auka læringsutbytte. Under 10 % av elevane på det lågaste nivået, over 25 % av elevane på det høgste nivået målt på nasjonale prøvar på 5. trinn.

• Heva verdiane for trivsel, motivasjon, meistring og medverknad i elevundersøkinga til eit snitt som ligg minimum på nasjonalt nivå. Dette som ein faktor for å betra læringsutbytte.»

For å få reduksjon i spesialundervisninga, auka læringsutbytte og heva verdiane for trivsel, motivasjon, meistring og medverknad, så treng me å få auka lærarressursen. Me har år etter år fått reduksjon i timetalet til skulen. Dette fører til det motsette.

No er me på eit minimum!

Me treng å få auka timetal!

*I Opplæringslova kapittel 5 står det at elevar som ikkje har, eller kan få tilfredsstillande utbytte av den ordinere opplæringa, har rett til spesialundervisning.

Me har elevar som har rett til spesialundervisning, men fleire av dei får ikkje det dei har krav på. Det har vore store nedskjeringar over tid, og skulen må gjera prioriteringar. Mange elevar vert sett saman i grupper, sjølv om dei har svært ulike utfordringar. Andre vert sett i saman på tvers av klassar.

Dette er svært uheldig, då dette er/kan vere elevar som treng tett oppfølging.

Me treng å få tilbakeført midlar til spesialundervisning!

**Det står i innleiinga til budsjettet at «Fitjar kommune skal digitalisere i alle sektorar for auka kvalitet, effektivisere og for å møte rekrutteringsutfordringa.»*

- *«Digitalisering i skulen vil gje elevane grunnleggjande dugleik i digitale ferdigheit og gje tilsette i skulen fleire verktøy for tilpassa opplæring og reduksjon av spesialundervisninga. Digitalisering skal effektivisera tenestene.»*

Det at kvar elev får ein datamaskin vil ikkje føre til reduksjon i spesialundervisning. Dette er for desse elevane, som for alle elevar, eit hjelpemiddel, men kan på ingen måte erstatta spesialpedagogen.

**Målsetjingar for etaten*

Digitalisering

- *Alle elevane på 2. - 7. trinn har sin eigen chromebook.*
- *Digitalisering i skulen vil gje elevane grunnleggjande dugleik i digitale ferdigheit og gje tilsette i skulen fleire verktøy for tilpassa opplæring. Digitaliseringa vil gje ein effektiviseringsvinst i høve kommunikasjon og samhandling.*

Elevane vil få grunnleggjande dugleik i digitale ferdigheit dersom dei har lærarar som har fått opplæring i bruk av IKT. Me treng opplæring og ein som har ansvar for pedagogisk IKT

**«Hausten 2020 tok grunnskulane i bruk ny overordna del og nye fagplanar for 1. - 9. trinnet. Skulane arbeider no aktivt med implementering og frå hausten 2021 vert også 10. trinnet omfatta av denne endringa. Det er ikkje sett av midlar til nye læremiddel.»*

Me ser at rådmannen ikkje har lagt inn midlar til læremiddel. Dette må kome inn i budsjettet. Me har pr. i dag lærebøker frå 2006. Mykje har endra seg på 14-15 år.

Mange av læremidla me treng i dag, er det ein fordel å få digitalt, sidan dei fleste elevane har chromebook/PC. Dette er lisensar for elevar og lærarar. Dette kostar, og MÅ leggjast inn i budsjettet, både som ei eingongsinvestering og årleg kostnad

Me ser og at rådmannen foreslår eit kutt i merkantilstilling ved skulen. Dette er svært uheldig, då det under denne stillinga ligg svært mange arbeids- og tidkrevjande oppgåver.

Dette er oppgåver som:

- Har med alt som gjeld føring av karakterar, vitnemål, osv
- Har ansvar for alt som har med skyss å gjera, melda inn elevane i Cert til kvart nytt skuleår, det må gjerast før 1. mars.
- Må melda inn elevane som treng midlertidig skyss p.g.a. sjukemelding gjennom heile året.
- Brukar mykje tid på dette. Har kontakten med Tide og drosjane for å få alt til å fungera.
- Har ansvar for alt innkjøp, bestilla varer, sjekka at ein får det som er bestilt, sjekka fakturaene når dei kjem i Agresso, og attestera dei.
- Attesterer fakturaer for Selevik skule også.
- Tek seg av låse- og alarmsystemet, Emikko, styrer dører dersom det skal vera kurs eller anna på kveldstid.
- Det er ein del arbeid med dette, må leggja inn skuleåret med feriar og fridagar.
- må leggja inn personale etter kvart og gje dei tilgang med adgangsbrikke.
- Har med utleige av skulerom å gjera, sender fakturagrunnlag til kommunen og alt anna som har med utleige å gjera.
- Svarar på telefonar, hjelper både elevar og foreldre med forskjellig.
- Skriv skademeldingar
- Er tilgjengeleg dersom elevar har skada seg, treng ringe heim pga. sjukdom osv.

Oppgåvene forsvinn ikkje sjølv om stillinga vert redusert. Me må minimum ha den stillinga som er i dag.